



Vesle Daniel og faren hans

Sjette og sjuande klasse på skulen har hatt ei morgonsamling som det er all grunn til å ta av seg hatten for. Temaet var Jakob Sande og elevane hadde plukka ut songar av dikteren som dei framførde og hadde litt dramatisering til.

I Sande si diktning møter vi eit rikt persongalleri. Den fyrste vi fekk møta var Vesle Daniel, som gjorde seg klar til å reisa til sjøs. Seinare traff vi han att, men då i ei eldre utgåve. Og denne karen såg ut for å ha mykje å fortelja frå

turane han hadde hatt.



På kaikanten

Ein annan kar vi fekk stifta bekjentskap med var han som ville gifta seg, men som hadde vanskar med å velja rette dama. For oss som var tilskodarar såg det ut som han bestemte seg for alle tre.

I tillegg til song og dramatisering fekk vi og litt faktisk informasjon om Sande og livet hans. Kanskje var det nokon som fekk inn litt lærdom saman med underhaldninga?’



I fjøra

Vi hadde ei fin og triveleg stund saman og elevane som stod for programmet gjorde ein framifrå innsats.

Av Odd Steinar Arnesen



Dette var alle som deltok i Sande-programmet til dei to klassane